

## Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

**Sveinung Valle** gjekk frå som ugild fordi han er nestleiar i styret for Business Region Bergen AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 55 representantar til stades.

**Terje Søviknes** sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Nytt punkt:

Fylkestinget ber om at det vert tatt initiativ til eit eigarmøte i BRB for å drøfta selskapet sin finansielle situasjon."

### Røysting

Innstillinga vart vedteken mot 7 røyster (SV, Sp, MDG).

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Samarbeidsavtalen mellom Business Region Bergen AS og Hordaland fylkeskommune vert forlenga med 4 år, men slik at det blir gjort ei ny vurdering av situasjonen etter to år, dvs. ein avtale på 2+2 år. Det vert tatt atterhald om å kunne revurdere samarbeidet dersom store kommunar går ut av samarbeidet.
2. Innhaldet i ein ny avtale bør spegle konkret det BRB skal yte som tenester til HFK knytt til si rolle som aktør innan kompetansebasert næringsutvikling i regionen med særleg fokus på dei tre definerte områda for BRB; *næringsvenleg offentleg sektor, marknadsføring og omdømmebygging, internasjonalisering* og som støttar opp under måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. Vidare vil fylkeskommunen sine synspunkt på samarbeidet slik det går fram av denne saka, bli innarbeid i avtalen.
3. BRB får ei basisløyving på kr 5 pr. innbyggjar for heile verkeområdet pluss kr 10 pr. innbyggjar for kommunane utanom Bergen frå Hordaland fylkeskommune i avtaleperioden. Det fylkeskommunale tilskottet blir gjort avhengig av at kommunane bidrar med sin del. Løyvinga til BRB for 2015 vert berekna ut frå 100 % oppslutnad hjå eigarkommunane. Deretter som skissert over.
4. Det vert lagt til grunn at prosjekt i regi av BRB utover basisaktivitetane i stor grad vert finansiert eksternt.
5. Det vert forventa at revisjonen av Strategisk næringsplan tydeleggjer ansvarslinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
6. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta initiativ til eit utgreiingsarbeid av ulike geografiske verkeområde for BRB, ulike tilknytingsformer for kommunane og ulike finansieringsmodellar i nært samarbeid med BRB og dei andre eigarane.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta eit initiativ overfor BRB og dei andre eigarane med sikte på å få vurdert moglegheitene for å utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen.
8. Fylkestinget ber om at det vert tatt initiativ til eit eigarmøte i BRB for å drøfta selskapet sin finansielle situasjon.